

Gode kolleger i allmennpraksis i Fylket, i Helse Førde, hos Fylkeslegen og ved Hauglandssenteret!

PKO har no fått opp og gå sine nye nettsider etter at Helse Vest no har lagt sine sider under Helse Norge - <https://helse-forde.no/> Her finn du Samhandlingsavdelinga inkl. PKO under fanen «Fag og forskning». Mykje er det same men noko er nytt. PKO har no forsøkt å oppdatere dei nyast sakene og lagt dei ut på sidene. Det er kanskje verdt eit forsøk å kikke direkte inn på sidene våre som du finn her <https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko> Dei nyaste tinga finn du som før under «Aktuelt» og i «PKO kalenderen». Gamle saker finn du nederst – dei har diverre ikkje oppdaterte lenker. Vi mottek gjerne tilbakemeldingar!

Kopi av dei nyaste sakene er lagt ut med lenker i denne eposten- jfr under og i vedlegg.



Kontaktlege i helseforetaket for pasientar med samansette/alvorlege lidningar

Ny ordning vedr kontaktlege – evt. kontaktpsycholog for pasientar med samansette/alvorlege lidningar som blir innlagt.

[Les meir.pdf](#)



Samhandlingsplakaten

Vi minner igjen om "Samhandlingsplakaten". Nokon viktige påminningar her om god skikk og bruk ved samhandling omkring pasientane våre.

[Les meir](#)



Ny fysikalsk-medisiner i Helse Førde.

Terje Kjer har i haust starta som ny overlege ved Fysikalsk medisin og rehabilitering (FMR) i Helse Førde. Han har sendt ei orientering der han ma skriv:

«Fagområdet Fysikalsk medisin og rehabilitering (FMR) er på FSS samorganisert med fagområda nevrologi og revmatologi i «Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering» (ANRR), der kvart av fagområda utgjer ein eigen seksjon. FMR har i dag ein sengepost med 6 sengeplassar øyremerka for rehabiliteringsopphald, og ein tverrfagleg poliklinikk (FMR pol) som fungerer både som fysikalsk-medisinsk poliklinikk og som rehabiliteringspoliklinikk.»

[Les meir.pdf](#)



Nytt frå pasientreiser frå 1. oktober

[Les meir](#)



Ny "Nasjonal faglig retningslinje for diabetes"

Denne erstatter IS-1674: «Nasjonal faglig retningslinje for forebygging, diagnostikk og behandling av diabetes» fra 2009. I forordet til retningslinjen står det at "bakgrunnen for revisjonen er endringer i folkehelseovngivningen, ny kommunehelseov, føringer i samhandlingsreformen, og strategier for innvandrers helse og for ikke-smittsomme sykdommer. Disse har vært førende for revideringsarbeidet. Samtidig har det kommet ny kunnskap om etiologi, forebygging og behandling av diabetes.

[Les meir](#)



Nye helsekrav (reglar) for førarkort frå 1. oktober 2016

Som no nok dei fleste kjenner til kom der nye førarkortreglar frå 1. oktober i år - dette inkluderer ein del nye helsekrav. Dispensasjonar frå forskrifta skal reduserast til eit minimum og dei aller fleste saker skal avgjerast av behandlande lege - nok i dei fleste tilfelle fastlegen - men også i samarbeid med spesialist der dette er påkrevd. Det er difor viktig at legen er orientert om dei nye retningslinjene og slår opp i desse når det er påkrevd. Helsedirektoratet har oppdaterte nettsider vedr saka med forskrift, vegleiar, helseattestar, kursmaterieil brukt av Fylkeslegane, info til publikum etc

[Les meir](#)



Teknikker ved cytologiske prøver - sjå videoen!

Mange legar opplever i desse dager å få tilbake cervix cytologiske prøver med svar: ueigna prøve p.g.a. for lite plateepitel, blodig prøve etc. Mange opplever nok at dette har vorte ei særleg utfordring no etter at nye rutiner blei innførte med veskebaserte prøver. Alle desse skal no som frå vårt område til patologisk avdeling Haukeland. Dei fleste bruker nok utstyret frå ThinPrep. Firmaet har god info på sine nettsider bl.a. ein instruktiv video som mange av oss nok har mykje å lære av!

[Les meir](#)



PKO kalender

Smittevernkonferanse 2016

Dato: 24 november 2016 09:30 - 15:40

Stad: Hotell Alexandra, Loen

Ansvarleg: Fylkesmannen i samarbeid med Helsedirektoratet og Helse Førde Målgruppe: Smittevernlegar, fastlegar, helsesøstrer, hygienekontaktar, og andre som arbeider med og/eller har interesse for smittevern. Påmeldingsfrist: 04.11.2016

[Les meir](#)

Samfunnsmedisinsk nettverk

Dato: 24.-25. november 2016

Stad: Alexandra hotell, Loen

Ansvarleg: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Målgruppe: Legar med interesse for samfunnsmedisin

Påmeldingsfrist: 15.11.2016

[Les meir](#)

For PKO i Helse Førde

Anne Stubdal, Jan Ove Tryti og Normund Svoen

Normund Svoen, Web ansvarleg

Praksiskonsulent i Helse Førde og

Allmennlege Legegruppa Sunnfjord Medisinske Senter, Florø

Mobil 95770807

Helse Førde HF

<https://helse-forde.no/>

